

## **Forskrift om handtering av hushaldsavfall i Osterøy kommune**

### Innhald

1 INNLEIANDE FØRESEGNAR .....	2
§ 1-1 FØREMÅL.....	2
§ 1-2 VIRKEFELT .....	2
§ 1-3 DEFINISJONAR .....	2
2 ANSVARET TIL KOMMUNEN .....	4
§ 2-1 INNSAMLING AV HUSHALDSAVFALL .....	4
§ 2-2 FASTSETJING OG INNKREVJING AV GEBYR.....	4
3 BIR SINE PLIKTER.....	4
§ 3-1 HANDTERING AV HUSHALDSAVFALL.....	4
§ 3-2 OPPSAMLING, INNSAMLING OG TRANSPORT AV HUSHALDSAVFALL.....	4
§ 3-3 AVFALL TIL GJENVINNINGSTASJON OG RETURPUNKT .....	5
4 PLIKTENE TIL ABONNENTEN .....	5
§ 4-1 BRUK AV RENOVASJONSTENESTA.....	5
§ 4-2 GEBYRPLIKT OG FRITAK .....	5
§ 4-3 GRUNNLAG FOR DIFFERENSIERT GEBYR .....	6
§ 4-4 BRUK AV BEHALDAR, CONTAINER OG FELLES AVFALLSANLEGG.....	6
§ 4-5 TILKOMST – HENTESTAD PÅ PRIVAT VEG.....	6
5 TILSYN, KONTROLL OG SANKSJONAR .....	7
§ 5-1 TILSYN OG KONTROLL.....	7
§ 5-2 PÅLEGG OM OPPRYDDING OG KOSTNADSDEKNING VED FORSØPLING .....	7
§ 5-3 TVANGSMULKT.....	7
§ 5-4 OVERTREDELSESHEBYR .....	7
§ 5-5 STRAFF .....	7
6 ADMINISTRATIVE FØRESEGNAR .....	8
§ 6-1 DELEGERT AVGJERDSMAKT TIL Å FATTA ENKELTVEDTAK M.M .....	8
§ 6-2 KLAGERETT .....	8
7 AVSLUTTANDE FØRESEGNAR.....	8
§ 7-1 IKRAFTSETJING .....	8

## 1 INNLEIANDE FØRESEGNER

### § 1-1 FØREMÅL (jf. forureiningslova § 30)

Føremålet med forskrifta er å sikre ei forsvarleg handtering av hushaldsavfallet i samsvar med lovpålagte krav til miljø, helse, tryggleik og god økonomiforvaltning. Ho skal bidra til å realisere dei pliktene som er gjevne kommunen ved lov, og dessutan nå dei måla som kommunen til ei kvar tid har nedfelt i planane sine eller er pålagd av nasjonale styresmakter.

Forskrifta skal bidra til å fremje målet til kommunen om å redusere mengda avfall og leggje til rette for betre utnytting av avfall som ressurs, med særleg vekt på gjenvinning, reduksjon av restavfall og sirkulærøkonomi. Forskrifta skal bidra til å fremje kommunen sine mål, strategiar og tiltak for betre klima og miljø, og samtidig sikre renovasjon som samfunnskritisk infrastruktur.

Forskrifta skal hindre ulovleg innsamling av hushaldsavfall.

### § 1-2 VIRKEFELT (jf. forureiningslova § 30 tredje ledd)

Forskrifta gjev føresegner om handtering av hushaldsavfall, og gjeld alle registrerte eigedomar i Osterøy kommune der det oppstår hushaldsavfall.

Næringsavfall er ikkje omfatta av denne forskrifta.

Forskrifta omfattar heller ikkje utsetjing av avfallsbeholdarar, tømning og opprydding i tilknytning til utsalsstader, turistanlegg, utfartsstader, langs offentlege vegar m.m. Det blir her vist til avgrensingane i forureiningslova §§ 35 og 36.

Forskrifta gjev òg avgjerder om avfallsgebyr.

### § 1-3 DEFINISJONAR (jf. forureiningslova §§ 27, 30 og 34)

I denne forskrifta blir følgjande definisjonar nytta:

Med *abonment* meiner ein eigar eller festar av eigedom der det oppstår hushaldsavfall.

Med *avfall* meiner ein lausøyregjenstandar eller emne som nokon har kassert, har til føremål å kassere eller er plikta å kassere. Avløpsvatn og avgassar blir ikkje rekna som avfall.

Med *avfallsløysing* meiner ein BIR sine oppsamlingsløysingar, medrekna behaldarar, nedkast og containerar.

Med *beholdar* meiner ein eining for oppsamling av hushaldsavfall på mindre enn 1 000 liter, som er eigd av BIR.

Med *BIR* meiner ein BIR AS og dei heileigde dotterselskapa av BIR AS som utfører oppgåver knytt til renovasjon av hushaldsavfall.

Med *bossnett* meiner ein nedgrave røyrsystem for innsamling av avfall som er eigd av BIR.

Med *container* meiner ein einingar på 1 000 liter og større for oppsamling av hushaldsavfall.

## Forskrift om handtering av hushaldsavfall – Osterøy kommune

Med *eigedom* meiner ein all registrert grunneigedom, eller seksjonert del av slik eigedom, der det oppstår hushaldsavfall. Dette omfattar òg eigedommar som ikkje blir nytta regelmessig, til dette høyrer fritidseigedommar, hytter, støl, rorbu/naust, campingvogn og liknande.

Med *farleg avfall* meiner ein avfall som er klassifisert som farleg avfall i avfallsforskrifta § 11-2.

Med *felles avfallsanlegg* meiner ein avfallsanlegg og infrastruktur som kan nyttast av fleire eigedommar eller hushald

Med *gjenvinning* meiner ein alle tiltak der hovudresultatet er at avfall kjem til nytte.

Med *gjenvinningsstasjon* meiner ein kommunalt mottak for levering av grovavfall, elektrisk og elektronisk avfall, farleg avfall, og dessutan avfall som ikkje er del av henteordninga.

Med *hentestad* meiner ein stad for plassering av behaldar på tømmedag.

Med *hushaldsavfall* meiner ein avfall frå private hushald, inklusive større gjenstandar som inventar og liknande.

Med *innsamling* meiner ein når BIR samlar inn avfall hos abonnent eller når kunde leverer avfall til eit av BIR sine mottak.

Med *kunde* meiner ein kvar og ein som leverer hushaldsavfall til BIR sine gjenvinningsstasjonar.

Med *matavfall* meiner ein nyttbar og ikkje nyttbar mat som har blitt avfall.

Med *nedkast* meiner ein den delen av nedgrave avfallsøysing (container, bossug, bossnett) som står over bakken og som har ei luke som kunden kastar avfallet sitt i.

Med *næringsavfall* meiner ein avfall frå offentlege og private verksemder, institusjonar, lag, foreiningar mfl. Alt avfall som ikkje er hushaldsavfall blir sett på som næringsavfall.

Med *oppsamling* meiner ein når abonnent kastar avfall i behaldar eller container.

Med *oppstillingsplass* meiner ein stad for plassering av behaldar utanom tømmedag

Med *park- og hageavfall* meiner ein biologisk nedbrytbart avfall i form av geiner, gras og liknande biologisk nedbrytbart avfall som oppstår i private og offentlege hagar, parkar og grøntområde og som vert samla inn som separat avfallstype.

Med *plastavfall* meiner ein avfall som består av plastemballasje og andre kasserte plastprodukt, som hushaldsartiklar, eingongsartiklar og liknande. I dette inngår fossil- og biobaserte plastprodukt

Med *returpunkt* meiner ein allment tilgjengeleg mottak for levering av kjeldesorterte avfallstypar for private hushald.

### 2 ANSVARET TIL KOMMUNEN

#### § 2-1 INNSAMLING AV HUSHALDSAVFALL (jf. forureiningslova § 30)

Kommunen skal etter forureiningslova § 30 sørge for innsamling av hushaldsavfall.

Osterøy kommune har gjennom heradsstyret sitt vedtak i sak 069/2009 tildelt BIR AS einerett til innsamling av hushaldsavfallet. BIR AS kan tildele denne eineretten vidare innanfor dei ulike delane av avfallshandteringa til heleide dotterselskap.

#### § 2-2 FASTSETJING OG INNKREVJING AV GEBYR (jf. forureiningslova § 34)

Avfallsgebyret blir årleg fastsett av kommunen i eige gebyrvedtak, etter reglane om sjølvkost, jf. sjølvkostforskrifta FOR-2019-12-11-1731.

BIR krev inn avfallsgebyret på vegne av kommunen. Avfallsgebyret er sikra med legalpant etter lov om pant § 6-1.

### 3 BIR SINE PLIKTER

#### § 3-1 HANDTERING AV HUSHALDSAVFALL (jf. forureiningslova § 30, og heradsstyret si tildeling av einerett i sak069/2009.

BIR skal stette kommunen sine plikter til handtering av hushaldsavfall innanfor rammene av den delegerte eineretten.

BIR skal leggje til rette for god avfallshandtering, samle inn hushaldsavfall i tråd med forureiningslova og levere gode tenester for innsamling av hushaldsavfall. Innsamling skal skje på ein slik måte at det ikkje er til unødig sjenanse.

BIR skal leggje til rette for avfallsreduksjon og materialgjenvinning, her under kjeldesortering og utsortering av avfall i samsvar med gjeldande krav for dette, og for å oppnå dei overordna målsetjingane til kommunen for avfallsreduksjon og auka materialgjenvinning.

BIR kan gje nærare retningsliner for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta.

BIR kan unntaksvis, og etter nærare fastsette retningsliner, gje andre aktørar samtykke til å samle inn hushaldsavfall.

#### § 3-2 OPPSAMLING, INNSAMLING OG TRANSPORT AV HUSHALDSAVFALL (jf. forureiningslova § 30)

BIR har plikt til å samle inn hushaldsavfall. BIR avgjer kva for avfallsløysing som skal brukast for oppsamling og angjev hentestad og tid for innsamling av avfall. Der bosnett er etablerte, skal eigedom knytast til dette. Når det er naudsynt for å få til ein formålstenleg og hygienisk oppbevaring, innsamling og transport, kan BIR påleggje:

- a) endring av hentestad
- b) endring av behaldartype for å auke volumet
- c) endre talet på behaldarar

## Forskrift om handtering av hushaldsavfall – Osterøy kommune

Abonnet kan påleggjast å bere kostnaden med tiltaka i andre ledd punkt a, b og c.

BIR kan påleggje abonnet å bruke behaldarar og andre avfallslysingar, som er eigde og blir forvalta av BIR, når dette er tenleg for å oppnå føremålet med forskrifta. Der avfallslysing ligg på privat grunn, kan ein berre gje pålegg når det finst samtykke frå grunneigar eller anna rettsleg grunnlag for slik bruk.

Dersom BIR er ansvarleg for at behaldar ikkje har vorte tømt på tømmedag, skal BIR sørge for at han blir tømt så raskt som mogleg. Vurdering blir gjort ut frå kva som er føremålstenleg og forsvarleg. BIR skal sørge for at hushaldsavfall blir samla inn, såframt (at) behaldar er plassert på hentestad innan kl. 06.00 på tømmedag. Abonneten må melde manglande innsamling før kl. 12.00 dagen etter tømmedag(en).

For dei anlegga som ikkje er eigde av BIR, er abonnet som eig felles avfallsanlegg ansvarleg for drift og vedlikehald av eige anlegg. Eigar må sørge for at anlegget er tilpassa dei systema BIR nyttar for innsamling av hushaldsavfall, som til dømes tilkomst, løfteverktøy og liknande. Dersom BIR ikkje kan tømme anlegget på grunn av tilhøve hos eigar, kan BIR pålegge eigar av anlegget å nytte BIR sine behaldarar for innsamling. BIR fastset då også hentestad for behaldarar, og kva behaldarar som skal nyttast.

### § 3-3 AVFALL TIL GJENVINNINGSTASJON OG RETURPUNKT (jf. forureiningslova § 29)

BIR skal ha gjenvinningsstasjonar for grovavfall, større mengder avfall, elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall), farleg avfall og anna kjeldesortert avfall frå hushald. BIR kan ha returpunkt for mottak av enkelte avfallstypar frå hushalda.

BIR skal kontinuerleg medverka til auka gjenbruk, mellom anna ved å vidareutvikla brukhallane og leggja til rette for gjenvinning.

BIR har ansvar for opprydding ved forsøpling på eller ved returpunkt og større hentestader, dersom dette ikkje blir utført av den eller dei som har ansvar for forsøplinga.

## 4 PLIKTENE TIL ABONNETEN

### § 4-1 BRUK AV RENOVASJONSTENESTA (jf. forureiningslova § 30)

Abonneten skal bruke BIR si teneste for oppsamling og innsamling av hushaldsavfall, i tråd med denne forskrifta.

Større einingar, park- og hageavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall) skal ikkje kastast i oppsamlingseining, men leverast til ein gjenvinningsstasjon.

### § 4-2 GEBYRPLIKT OG FRITAK (jf. forureiningslova § 34 fjerde ledd)

Abonneten er pliktig til å betale avfallsgebyr til kommunen.

Om det er knytt gebyrplikt til ein eigedom, kor mange gebyr og kven som er ansvarleg for betaling av gebyr, avgjer BIR.

## Forskrift om handtering av hushaldsavfall – Osterøy kommune

BIR skal sjå til at opplysningane om eigedommen og talet på hushald er rett før vedtak om avfallsgebyr blir gjort.

Abonnten har ei sjølvstendig plikt til å sikre at BIR har riktige og relevante opplysningar om eigedommen.

Abonnten kan søkje om fritak frå avfallsgebyr når eigedommen oppfyller kriteria for fritak. Søknad om fritak skal rettast til BIR, som på vegne av kommunen handsama søknad etter fastsette retningslinjer.

### § 4-3 GRUNNLAG FOR DIFFERENSIERT GEBYR – BRUK AV TØMMEDATA (jf. forureiningslova § § 30 og 34.)

Faktisk bruk av avfallsløysingar blir registrert elektronisk og lagra hos BIR. For anlegg som BIR ikkje eig, skal eigar, eventuelt etter skriftleg avtale om dette, gje BIR tilgang til data om faktisk bruk. Ved manglande registrering, uansett årsak, kan BIR gjere ei gjennomsnittsutrekning av bruken ut frå historiske data. BIR kan gje nærare retningslinjer om dette. Opplysningane er grunnlag for utrekning av differensiert gebyr.

Ved handtering av eventuelle personopplysningar, er BIR å sjå på som kommunens databehandlar etter personopplysningslova. Data om faktisk bruk som ikkje lenger utgjer personopplysningar idet opplysningane inngår i analyser, statistikk og liknande, vert forvalta av BIR på vegne av kommunen, og BIR pliktar, etter førespurnad, å leggje fram slike data for kommunen.

### § 4-4 BRUK AV BEHALDAR, CONTAINER OG FELLES AVFALLSANLEGG (jf. forureiningslova § 30 tredje ledd)

Abonnten skal bruke BIR sin behaldar, container eller felles avfallsanlegg etter tilvising og pålegg frå BIR.

Abonnten er ansvarleg for at plassering og bruk av BIR sine behaldarar/containerar skjer i samsvar med denne forskrifta, og retningslinjer gitt i medhald av denne. Abonnten er økonomisk ansvarleg for behaldarar/containerar som er bortkomne eller øydelagt ut over normal slitasje, og for tap som oppstår som følgje av aklaus bruk. BIR vil reparere eller skifte behaldarar/containerar som følgje av vanleg slitasje og elde, og dessutan ved skadar som har oppstått på grunn av aktløyse frå BIR si side.

### § 4-5 TILKOMST – HENTESTAD PÅ PRIVAT VEG (jf. forureiningslova § 30)

Dersom abonnten ønskjer hentestad som medfører bruk av privat veg, skal følgjande krav vere oppfylte for at hentestaden kan brukast:

- 1) Privat veg skal vere i samsvar med BIR sin renovasjonsteknisk rettleiar (RTV).
- 2) I samband med snøfall, frost og andre liknande hindringar er vegeigar ansvarleg for å sikre nødvendig og forsvarleg tilkomst for BIR.

BIR kan gje pålegg om annan hentestad viss krava i denne avgjerda ikkje er oppfylte.

## Forskrift om handtering av hushaldsavfall – Osterøy kommune

Ved bruk av privat tilkomstvegar, kan BIR krevje at det blir inngått skriftleg avtale om rett til nytting av vegane for innsamling av hushaldsavfall. Avtalen blir inngått mellom BIR og vegeigarar.

### 5 TILSYN, KONTROLL OG SANKSJONAR

#### § 5-1 TILSYN OG KONTROLL (jf. forureiningslova § 30 tredje ledd)

BIR kan gjere tilsyn og kontroll for å sikre gjennomføring av avgjerdene i denne forskrifta.

BIR kan kontrollere avfall som blir levert på gjenvinningsstasjon eller annan bringeordning. BIR kan påleggje den som leverer avfallet å dokumentere at avfallet er hushaldsavfall, og dessutan å gje opplysingar om innhaldet og opphavet til avfallet. BIR kan kontrollere dokumentasjon og opplysingar som er lagt fram. For å lette kontroll skal avfall som blir levert på gjenvinningsstasjon, når kunden kjem, vere sortert og synleg for BIR sine rettleiarar.

#### § 5-2 PÅLEGG OM OPPRYDDING OG KOSTNADSDEKNING VED FORSØPLING (jf.

forureiningslova §§ 28 og 37)

BIR skal sjå til at ein følgjer forbodet mot forsøpling etter forureiningslova § 28 på hentestadar, returpunkt, gjenvinningsstasjonar og liknande.

Ved brot på forureiningsforbodet etter forureiningslova § 28, kan BIR gje pålegg om opprydding eller krevje at rimelege utgifter til fjerning eller opprydding av forsøplinga blir dekt av den som er ansvarleg for forsøplinga med heimel i forureiningslova § 37.

#### § 5-3 TVANGSMULKT (jf. forureiningslova § 73)

Den som får pålegg med heimel i denne forskrifta, har plikt til å rette seg etter pålegget.

For å sikre at pålegg blir følgde kan BIR, på vegner av kommunen, fatte vedtak om tvangsmulkt til staten med heimel i forureiningslova § 73.

#### § 5-4 OVERTREDELSESGEBYR (jf. forureiningslova § 80)

BIR kan på vegner av kommunen gje pålegg om gebyr til den som bryt avgjerder gjeve i medhald av denne forskrifta i samsvar med forureiningslova § 80 første ledd, bokstav j.

#### § 5-5 STRAFF (jf. forureiningslova § 79)

Brot på denne forskrifta kan straffast med bøter, jf. forureiningslova § 79, 2. ledd.

### 6 ADMINISTRATIVE FØRESEGNER

#### § 6-1 DELEGERT AVGJERDSMAKT TIL Å FATTA ENKELTVEDTAK M.M. (jf. forureiningslova § 83)

BIR har heimel til å fatta enkeltvedtak etter denne forskrifta, jf. forureiningslova § 83 andre ledd.

Reglane i forvaltingslova gjeld for behandling av saker etter denne forskrifta.

#### § 6-2 KLAGERETT (jf. forureiningslova § 85)

Klage på enkeltvedtak med heimel i denne forskrifta blir fremja for BIR. Dersom BIR held fast på vedtaket, blir klaga sendt over til ei særskild klagenemnd for BIR. Medlemmane i klagenemnda er politisk oppnemnde av BIR sine eigarkommunar. Vedtaket til klagenemnda kan ikkje klagast på, men kan bringast inn for dei alminnelege domstolane.

### 7 AVSLUTTANDE FØRESEGNER

#### § 7-1 IKRAFTSETJING

Denne forskrifta blir vedteke av Osterøy heradsstyre og trer i kraft **xxyy/åååå** etter offentleg kunngjering.

Når denne forskrifta er gjort gjeldande vert forskrift av 18. desember 2013 nr. 1749 om handtering av avfall frå hushald, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal kommunar, Hordaland, oppheva for Osterøy kommune.